

Oppkallingsnamn

Gudlaug Nedrelid

Oppkallingsnamn står i eit særleg forhold til eit namn som er i bruk frå før (basisnamn, jf. Rentenaar 1996: 1013 ff.)¹ på den måten at det anten gjentek namnet, eller på ulike måtar assosierer til namnet. Oppkallingsnamn finst i alle kategoriar, stadnamn, personnamn og det som plar bli kalla ”andre namn”.

Stadnamn kan vera oppkalla med heile namnet (*Paris, Texas*) eller heile namnet med eit forklarande tillegg (*Ny Ålesund*). Stadnamn kan ogso vera oppkallingsnamn der delar av namnet minner eller heidrar personar (bynamn og gatenamn mange stader i verda, som *Kristiansand, Tordenskjoldsgate*). Oppkallingsnamna i stadnamnkategorien kan vera offisielle (jf. døma ovanfor) eller uoffisielle (*Kongo* eller *Chicago* som uoffisielt grendenamn/ bydelsnamn mange stader). Uoffisielle namn kan seinare bli offisielle, eller i det minste halv-offisielle (*Port Arthur* i Åbo).

Personar kan vera oppkalla etter andre personar med heile namnet (fullnamnsoppkalling), delar av namnet (movering) eller berre framlyden (førebokstavsoppkalling). Personar kan ogso vera oppkalla etter stader (*Paris Hilton, Rud-en*). Ogso slike namn kan vera offisielle (*Paris Hilton*) og uoffisielle (*Rud-en*). I klassen ”andre namn” finst det namneberarar av svært mange ulike kategoriar, husdyr, skip, lokomotiv, fly, boreplattformer osv., som har vore og er oppkalla etter like mange ulike kategoriar av namneberarar (som hunden *Stalin*, kua *Alexis*, flyet *Harald Gille*, skip som *sir Charles Hambro, Eidsvold, Skibbladner*, lokomotivet *Dovregubben*, boreplattforma *Aleksander Kielland* osv). Her er det (nesten?) berre fantasien som set grenser. Ogso her er det både offisielle namn (td. namn på skip, døypte med høgtideleg seremoni og innførde i offentlege register) og uoffisielle namn (td. namn på kjeledyr og privatbilar).

I dette innlegget er det meininga å diskutera nokre stadnamn som er oppkalla etter andre stadnamn, og særleg motivasjonen for at eksisterande stadnamn blir brukte på nye lokalitetar. Slike namn kan eventuelt bidra til å kasta ljøs over namngjevingsprosessen.

¹ Rentenaar, 1996: Namen in Sprachtausch: Toponymische Nachbenennung. I: Eichler, Ernst u.a. (red.): *Namenforschung. 2. Teilband* (1013-1018). Berlin – New York, Walter de Gruyter.